

Kontrollutvalet
v/Einar Ulla

Revisorbrev 2017

Viser til sak 32/17 i kontrollutvalet og til revisorbrev 4-2017.

Kontrollutvalet ber i saka fylkesrådmannen setje i verk tiltak som er kravd for å fylgje opp tilrådingar og oppmodingar i revisorbrev 4-2017. Vidare ber kontrollutvalet om status på arbeidet per 1. november 2017.

Status på arbeidet er sett opp i same rekkjefylgje som kontrollutvalet sitt vedtak, pkt. 2:

- a) Det vil verta utarbeida ein oversikt over kva bundne fond som krev renter. Denne oversikta vert lagt ved som dokumentasjon av årsrekneskap.
- b) Me har tilfredsstillande skriftlege rutinar knytt til avstemming av kasse- og bankkonti knytt til skular og tannklinikkar. Det vert vidare teke kontakt med dei som ikkje leverer tilfredsstillande månadsoppgjer. Dette er eit kontinuerleg arbeid.
- c) Det var i 2016 om lag 3,5 mill.kr av investeringsmidlande som er knytt til småprosjekt slik som brannsikring, energioppfylgning osv. som ikkje er knytt til lokasjon og dermed ikkje fylgjer forskriftene. Omlegging av registrering slik som revisjonen kjem med forslag om, vil gje eit svært omfattande register over tid. Me vil gå i dialog med revisjonen om å finne ei løysing.
- d) Retningslinjer knytt til disposisjonsfond freistar me fylgje både for budsjett og for rekneskap.
- e) Retningslinjer knytt til ubundne investeringsfond freistar me fylgje både for budsjett og for rekneskap.
- f) Ein vil freista føra korrekte budsjettvedtak og budsjettendringar for investeringsfond
- g) Det vert arbeida med å få på plass tilfredsstillande dokumentasjon knytt til obligasjons- og sertifikatlån.
- h) Arbeidet med kontroll og dokumentasjon av balansepostar held fram.
- i) Aksjeoppgåva for året vert tilgjengeleg medio mars året etter. Dvs. etter framlegging av rekneskap per 15. februar. Det vert framover lagt fram opplysningar i noten om grunnlag for verdivurderinga som er nytta.

Med helsing

Tore Eriksen
FylkesrådmannAlvhild Orvedal
Løns- og rekneskapsjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Einar Ulla, SEK

Kopi til: